

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Teams
Dato: 22.05.2020
Tidspunkt: 09:00 – 11:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karoline Bjerkeset	Leiar	Gloppen
Marius Dalin	Nestleiar	Sunnfjord

Følgjande medlemmar møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Frank Willy Djuvik	Varamedlem	Vestland

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 13/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
RS 3/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 2-2020		2019/4183
RS 4/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - ulike styringsdokument		2019/4183
RS 5/20	Referatsak - status på tiltak og tiltaksmidler		
ST 14/20	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om løyve til å bruke vegar i Traudalen - Rygg og Grov Sameige		2020/7709
ST 15/20	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Brev om motorferdsel på Storevatnet		2020/6730
ST 16/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Evaluering og rullering av rådgjevande utval		2019/19446
ST 17/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Innspel om bokide		2020/7269
ST 18/20	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Møteplan for andre halvår 2020		2019/2581
ST 19/20	Eventuelt		

ST 13/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.05.2020

Vedtak

Det har kome til ei sak under Eventuelt:

- Førespurnad frå Ålfotbreen verneområdestyre om å undersøkje moglegheita for å få endre vernestatus til nasjonalpark.

Med det tillegget vart innkalling og sakliste godkjent.

RS 3/20 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 2-2020

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.05.2020

Vedtak

Tillegg til orienteringssakene:

- NRK fekk rett før påske løyve til å bruke drone ved Gotdalsstølen på Jølster. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

Med det tillegget tok styret orienteringssakene til vitande.

RS 4/20 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - ulike styringsdokument

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.05.2020

Vedtak

Styret tok orienteringa til vitande.

RS 5/20 Referatsak - status på tiltak og tiltaksmidler

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.05.2020

Vedtak

Styret tok orienteringa om tiltak og tiltaksmidler til vitande.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	ST 14/20	22.05.2020

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om løyve til å bruke vegar i Traudalen - Rygg og Grov Sameige

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev grunneigarane i Rygg og Grov sameige løyve til motorferdsel på vegane som går inn til nausta på begge sider av Traudalsvatnet. Løyvet er heimla i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for perioden 2020 – 2023.
- Løyvet gjeld berre for dei grunneigarane som har naustrett og/eller stølshus i Traudalen.
- Løyvet gjeld berre på traktorvegane, so langt som dei går i dag. Løyvet gjeld ikkje buføringsvegen som går innover på sørsida.
- Løyvet kan nyttast til transport av materialar, utstyr, reiskap og forsyningar til naust og stølshus. Det kan og nyttast til transport av båtar, og til motorferdsle i samband med vedlikehald av vegane.
- Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport.
- All parkering skal skje utanfor verneområdet.

Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev grunneigarane i Rygg og Grov sameige løyve til motorferdsel på vegane som går inn til nausta på begge sider av Traudalsvatnet. Løyvet er heimla i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for perioden 2020 – 2023.
- Løyvet gjeld berre for dei grunneigarane som har naustrett og/eller stølshus i Traudalen.
- Løyvet gjeld berre på traktorvegane, so langt som dei går i dag. Løyvet gjeld ikkje buføringsvegen som går innover på sørsida.
- Løyvet kan nyttast til transport av materialar, utstyr, reiskap og forsyningar til naust og stølshus. Det kan og nyttast til transport av båtar, og til motorferdsle i samband med vedlikehald av vegane.
- Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport.
- All parkering skal skje utanfor verneområdet.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om fornye løyve frå Rygg og Grov Sameige
- Verneforskrift
- Naturmangfaldlova
- Løyve til å bruke vegane i Traudalen 2016-2019

Søknaden

Rygg og Grov Sameige har i to periodar hatt fleirårige løyver til å nytte vegane som går inn på kvar side av Osen i Traudalen. Begge vegane går inn i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og ein må derfor ha dispensasjon for å bruke vegane.

Det førre løyvet gjekk ut i 2019, og Rygg og Grov Sameige søker derfor om å få fornya løyvet sitt for ein ny periode (2020-2023) på same vilkår som før. Føremålet med løyvet er det same; transport av båtar, og av material, utstyr og forsyningar til nausta og til hytter og stølshus lenger inne i Traudalen.

Regelverk

I følgje verneforskrifta for landskapsvernområdet er motorferdsel forbode i området. Der er heller ikkje nokon heimel i verneforskrifta for å gje dispensasjon til køyring på barmark. Ein kan derfor ikkje gje eit slikt løyve som er søkt om med heimel i verneforskrifta.

Derimot so kan ein gje dispensasjon frå vernevedtak med heimel i naturmangfaldlova (nml) § 48, fyrste ledd:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I saker som skal vurderast etter nml § 48, må ein først vurdere om føresetnadane for å bruke denne paragrafen er oppfylte. Dersom dei er oppfylt og først då, kan ein vurdere sjølve spørsmålet om dispensasjon skal gjevast.

I tråd med § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle vedtak som kan ha innverknad på naturgrunnlaget, vere i tråd med nml §§ 8-12.

Vurdering

For at det skal kunne gjevast dispensasjon etter nml § 48, må nokre krav oppfyllast. Tiltaket må ikkje stride mot vernevedtaket sitt føremål eller påverke verneverdiane nemneverdig. I dette tilfellet er det snakk om bruk av eksisterande vegar over korte strekningar. Vegane er bygd og dimensjonert for denne bruken og bruk av vegane vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller landskap. Det står heller ikkje noko i føremålsparagrafen i verneforskrifta § 2 som kjem i konflikt med det tiltaket det er søkt om.


§ 2. Formål

Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Krava i nml § 48 er oppfylte, og søknaden kan handsamast etter den paragrafen.

Som tidlegare omtala er det i Traudalen to vegar som går inn i verneområdet. Dei ligg på begge sider av osen og elva som renn ut av Traudalsvatnet. Begge vegane går inn til naust som ligg langs med vasskanten. Vegen på nordsida går om lag 150 m inn i verneområdet og den på sørsida om lag 200 m inn.

Kart som syner området, vegane og grensa til verneområdet (det som ligg til venstre for den grøne streken er verneområde):



Vegane vart bygde før området vart verna. Det er litt uklart kvifor desse vegane vart tekne med i verneområdet og kvifor dei ikkje er omtala i verneforskrifta. I kongeleg resolusjon står naustmiljøa omtala, men ikkje vegane. Vi har derfor lite anna å støtte oss på enn ei skjønsmessig vurdering.

Motorisert ferdsle skal avgrensast til det som er naudsynte føremål og i eit omfang som er so lågt som mogeleg. Men det skal samstundes vere høve til å nytte verneområdet til bruk som ikkje er i strid med verneføremålet eller verneverdiane, og det fører stundom med seg motorferdsel i avgrensa omfang.

I denne saka er det snakk om bruk eksisterande vegar og det fører ikkje med seg meir inngrep. Ferdsle er og særst avgrensa i og med at den er knytt til vegane og det berre er snakk om inntil 200m strekning som ligg innanfor verneområdet. Dette er og private vegar, og det er berre grunneigarar som har tilgang til vegane. Det er ikkje venta at motorferdsel her vil ha nokon negative effektar på verneverdiar eller verneføremål.

Det er likevel slik at motorferdsel bør avgrensast og ikkje gjerast meir omfattande eller meir synleg enn den treng å vere. Motorferdsla bør avgrensast til dei tilfella der det er heilt naudsynt å køyre heilt inn til nausta, som ved transport av båtar til naust eller vatn, transport av utstyr og forsyningar som skal fraktast vidare innover på vatnet og transport av materialar og utstyr. Parkering bør skje utanfor verneområdet. Det er heller ikkje naudsynt med persontransport på desse vegstubbane.

Rygg og Grov sameige har hatt liknande løyve som dei søker om her i to periodar tidlegare. Forvaltningsstyresmakta har ikkje registrert konflikta eller negative verknader av dei løyva. Verneområdeforvaltar meiner at løyvet kan fornyast for ein ny periode på same vilkår.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saken er godt opplyst, jf. nml § 8. Verneområdeforvaltar er godt kjend i området og ein har ikkje kjennskap til nokon naturverdiar som kan verte negativt påverka av tiltaket. Det er snakk om bruk av eksisterande veg og vil ikkje påverke terrenget rundt i særleg grad. Ein verknad av tiltaket som *kan* verte oppfatta som negativt er støy, men den vert vurdert til å vere innanfor det akseptable. Kunnskapsgrunnlaget er godt, og føre-var-prinsippet i nml § 9 treng ikkje vektleggast i denne saka.

Den samla belastninga av tiltaket vert innanfor det akseptable jf. nml § 10. Det er snakk om ein særst liten auka i motorferdsel i høve til dagens situasjon. Det vil og verte lagt vilkår til eit eventuelt løyve som avgrensar motorferdsla til berre naudsynte behov.

I og med at det er snakk om bruk av eksisterande veg, so er det ikkje forventa at tiltaket kan føre til miljøskaade, og det er den mest skånsame løysing for natur og terreng. Derfor er ikkje §§ 11 aktuell i saka, og § 12 er oppfylt.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	ST 15/20	22.05.2020

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Brev om motorferdsel på Storevatnet

Vedtak

Verneområdeforvaltninga og naturoppsyn vil ha auka fokus på motorferdsel på Storevatnet framover. Forvaltninga kan gjennom auka fokus få eit betre og meir heilskapleg bilete av omfanget av motorferdsel på vatnet og om den lovlege ferdsla er til sjenanse eller har andre negative verknader på naturmiljøet, og om det er trong for tiltak knytt til dette.

Kai S. Hysing eig hytte ved Storevatnet i Gloppen. Han har sendt brev til Fylkesmannen/verneområdeforvaltninga, der han tek opp dispensasjonen til å bruke båt med motor på Storevatnet, inkludert den delen som ligg inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Hysing ønskjer ei innstraming av regelverk og praksis her.

Storevatnet ligg i Gjengedalen i Hyen. Det er 3,13 kvadratkilometer stort (Wikipedia), og over halvparten av vatnet ligg inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Etter motorferdsellova er det lov å bruke båt med motor på vatn over 2 kvadratkilometer. Det er ein generell dispensasjon i verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal til å bruke båt med motor på heile Storevatnet, inkludert den delen som ligg inne i verneområdet.

Historikk

Hysing tok opp dette med Fylkesmannen og med det dåverande Miljøverndepartementet i samband med verneplanprosessen i 2007. Miljøverndepartementet omtalte dette i Kongeleg Resolusjon i samband med vernevedtaket:

«I sluttfasen av arbeidet med verneplanen har departementet mottatt eit innspel som gjeld regelen i forskrifta § 3 pkt. 5.2 om at forbodet mot motorferdsel ikkje gjeld bruk av påhengsmotor på Storevatnet. Innspelet går ut på å endre denne regelen slik at det blir tillate å bruke berre elektrisk påhengsmotor. Departementet meiner at det er naudsynt med høyring før ei slik endring eventuelt kan gjennomførast og går dermed ikkje inn for å endre forskriftsframlegget på dette punktet no. Departementet vil likevel peike på at ein kan vurdere å handsame dette spørsmålet i samband med forvaltningsplanarbeidet.»

I høyringa til Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO i 2014 sende Hysing og inn innspel om dette, og det vart handsama og diksutert av verneområdestyret. Styret konkluderte då med at dei ikkje hadde mynde eller heimel til å avgrense dette meir enn den generelle dispensasjonen som står i verneforskrifta § 3 pkt 5.2 c). Ei slik innstraming av bruken av påhengsmotor måtte, i følgje styret si vurdering, gjerast gjennom endring av forskrift. Det har ikkje verneområdestyret mynde til å gjere. Endring av ei forskrift som er fastsett ved kgl.res. er ein omfattande prosess, og i dagens forvaltning er det Miljødirektoratet som kan fremje slike endringar.

Vurdering av dagens situasjon

Forvaltning og naturoppsyn kjenner godt til regelverket og denne dispensasjonsheimelen i verneforskrifta. Vi er og kjend med at mange grunneigarar, hytteeigarar, dyreeigarar og andre brukarar har båt med påhengsmotor som vert nytta på vatnet. Vi har inntrykk av at den bruken av påhengsmotor som er i vatnet går føre seg på fornuftig og akseptabelt vis. Bruken er knytt opp til tilsyn og sanking av beitedyr, jakt, fiske og ulike typar transport. Vi har og inntrykk av at dei fleste motorane som vert nytta på Storevatnet er små, opptil 10 hestekrefter. Vi har ikkje fått negative tilbakemeldingar på denne motorferdsla frå andre.

Likevel er det sjølvstøtt avgrensa kor mykje vi kan følgje med akkurat her, og vi kan ikkje utelukke at her har vore uvettig og unødvendig køyring, støy og/eller uro.

Kva kan verneområdeforvaltninga gjere vidare?

Verneområdestyret kan ikkje endre forskrifta, men der er andre måtar å jobbe vidare med dette på dersom styret ynskjer det.

- a. Dersom styret ynskjer ei forskriftsendring, kan ein be Miljødirektoratet om å vurdere det.
- b. Styret, eller andre, kan ta saka opp med Gloppen kommune. Kommunen har heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, til å avgrense bruken av båt med motor (mi understreking):
«Ferdsl med motorfartøy er tillatt på innsjøer som er 2 kvadratkilometer eller større, på elvestrekningar, og på innsjøer mindre enn 2 kvadratkilometer dersom disse inngår som en del av et farbart vassdrag. Kommunen kan likevel bestemme at ferdsel som nevnt helt eller delvis ikke skal være tillatt.»

- c. Miljøverndepartementet skriv i kgl. res. at spørsmålet kan vurderast i prosessen med forvaltningsplan. Styret kan derfor løfte problemstillinga på nytt når forvaltningsplanen skal reviderast om nokre år.
- d. Forvaltning og naturoppsyn kan ha auka fokus på motorferdsel på Storevatnet, for å få eit betre bilete av korleis dagens regelverk fungerer og om (den lovlege) motorferdsla er til sjenanse.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	ST 16/20	22.05.2020

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Evaluering og rullering av rådgjevande utval

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre skal rullere rådgjevande utval, og legg opp til følgjande prosess og endringar:

- Sunnfjord kommune og Gloppen kommune vert bedne om å peike ut tre representantar for grunneigarar og beitebrukarar frå kvar kommune. Representantar kan både vere grunneigarar og andre som har eller leiger beiterett i verneområdet.
- Villreinnemnda i Sogn og Fjordane får plass i utvalet.
- Midtre Nordfjord turlag får tilbod om plass i utvalet.

Samansettinga av utvalet vert elles som før.

Bakgrunn og historikk

Det er fastsett både i vedtektene til styret og i verneforskrifta, at styret skal oppnemne eit Rådgjevande utval for verneområdet.

Det står i vedtektene for verneområdestyret at styret skal opprette eit fagleg rådgjevande utval. Fagleg Rådgjevande utvale for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vart oppnemnt av verneområdestyret i styremøte nr 3/11, med 12 medlemmer (5 grunneigarrepresentantar og 7 organisasjonar/verksemder). Styret bestemte kva for organisasjonar og verksemder som var naturlege å ha med i utvalet, og so vart Sogn og Fjordane Bondelag utfordra til å foreslå kven som skulle vere representantar for grunneigarane.

Utvalet vart konstituert 16.april 2012 med 11 medlemmer (Idrettskrinsen gav aldri tilbakemelding på om dei ville vere representert). Grunneigarrepresentantane vart personleg oppnemnd. Organisasjonar og verksemder har kvar sin plass i utvalet, og kan sjølv bestemme kven som skal møte. Sidan 2012 har utvalet fungert og hatt 1-2 møter kvart år. I desse møta har som regel styreleiar, naturoppsyn og verneområdeforvaltar delteke i tillegg til sjølve utvalet.

I 2015 vart utvalet evaluert og rullert. Tal på medlemmer og representasjon frå organisasjonar og verksemder vart vidareført på same vilkår som før. Bondelaga fekk høve til å rullerere på

plassane som grunneigarrepresentantar. Det vart lagt til grunn at ein grunneigarrepresentant kan sitte i to periodar. Utvalet vart då oppnemnt for perioden 2016 til 2019. I den perioden har utvalet sett slik ut:

Grunneigarrepresentantar:

Hyen: Nils-Magne Gjengedal (2. periode)

Gloppen: Ole Gimmestad (2.periode)

Jølster: Inge Erikstad (1. periode)

Førde: Lars Indrebø (2.periode)

Naustdal: Svein Egil Svorstøl (1.periode)

Organisasjoner og verksemder:

Visit Nordfjord

Sunnfjord utvikling

Indre Sunnfjord turlag

Førdefjella villreinutval

Nordfjord folkehøgskule

Norges Naturvernforbund Sogn og Fjordane

Tida er no inne for ny evaluering og rullering av utvalet, jamfør styrevedtak i 2015. Sidan det er styret som oppnemner utvalet, står styret fritt til bestemme storleik, samansetting og korleis utvalet skal arbeide og brukast. I evalueringa er det fleire moment som må eller bør vurderast:

- Det kan vere interesser som ikkje har vore representert til no som ein bør ha med.
- Det har vore noko varierende oppmøte. Nokre har møtt ofte, andre veldig sjeldan. Styret kan vurdere om dei som sjeldan/aldri møter bør sitte i utvalet og "ta opp ein plass".
- Tre av grunneigarrepresentantane har sete i to periodar. Skal ein følgje det som vart lagt til grunn sist, skal desse no bytast ut.
Det er gode grunnar til at det bør vere ei viss rullering på grunneigarrepresentantane i utvalet. Dei skal representere mange grender og veldig mange grunneigarar, og det bør derfor gå på omgang.

Handsaming i møtet:

- Skal utvalet rullerast i år i tråd med vedtaket frå 2015?
- Skal ein gjere endringar i samansettinga?
- Kven skal peike ut grunneigarrepresentantar?

Saksopplysning:

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har sendt førespurnad til verneområdestyret med ønske om å få fast plass i rådgjevande utval (sjå vedlegg).

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	17/20	22.05.2020

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Innspel om bokide

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre er positive til ideen om å skrive ei bok som handlar om Naustdal-Gjengedal LVO og Ålfotbreen LVO.

Verneområdestyret vil i første omgang rådføre seg med Miljødirektoratet, om kor vidt styret sine midlar kan brukast til eit slikt prosjekt.

Etter den avklaringa vil styret kontakte Arve Sandal for vidare dialog om kva styret eventuelt kan bidra med.

Bakgrunn

Forfattar og friluftsmann Arve Sandal har sendt inn følgjande innspel til styret:

I 2018 samarbeidde vi om ei rekke reportasjar frå Ålfotbreen landskapsvernområde. Tanken vår var å lage ei bok frå det unike fjellområdet. Vi valde i staden å publisere artikkane på alfotbreen.no Spørsmålet mitt er om vi skal ta opp att ideen, redigere ut det beste frå 2018 og utvide med nye reportasjar frå Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det spennande med denne koplinga er å gje ein samla presentasjon og oppleving av dei største verneområda vest for Jotunheimen. I mine auge er det også ekstra stas å presentere dei to verneområda samla fordi dei er så kontrastrike sjølv om dei ligg vegg i vegg. Frå det karrige og ville i vest til det frodige og milde i aust.

Frå Ålfotbreen landskapsvernområde har vi reportasjar frå geologihistoria, klatring i Gjegnen og Maritinden, presentasjon av vassdraget frå kano over 25 vatn, turgruppe over Ålfotbreen og Gjegnalunds-breen, familietur i Straumsbotnen, hjortejakt i Hyestranda, skitur frå Bukkenibba til Sølvsmehytta, etc. Når de no byggjer ny bru ved Skarvevatnet, får eg særst lyst på ein padletur til Mettenes og vidare vandre-skitur opp til Gjegnen. Eit anna supplement kan vere klimaperspektivet for Ålfotbreen. Sidan breen er så tynn, trur klimaforskar Atle Nesje at den er borte om 40-50 år. Ei bok vil dermed vere ein viktig dokumentasjon frå tida som er i ferd med å bli historie.

Frå Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde ser eg føre meg at den rike floraen i det kalkrike området ved Måsevassdalen må få eit eige kapittel. Eg er også fasinert av stølshistoria med fargerike «akvarellar» frå Inste Traudalen og Fitjestøylen ved Langedalsvatnet. Snart kalvar reinen i området. Å sjå kalven følgje mora berre to timar etter fødselen, er for meg vitnesbyrd om livets under. Fisketur frå Blådalen til Vona via Longvasshytta, kan vere ein god måte å presentere det store vassdraget på. Terrengløp er i vinden. Kanskje «Klypeløpet» til Fjellhug Vereide IL frå Traudalen til Gjengedal, kan arrangerast på nytt? Botnafjellet er underkjent, for meg er det reine Himmelberget!

Idear frå den unike fjordheimen, er ikkje mangelvare. Spørsmålet er vel først og fremst om det er mogleg å finansiere eit bokprosjekt? Fordelen vår er at vi allereie har ein liten bank av foto og reportasjar frå særleg Ålfotbreen landskapsvernområde. Som nemnt må vi supplere og bygge ut med nye reportasjar, men kostnaden vil først og fremst vere utforming og trykking av boka. Dersom det er interesse for bokideen, kan eg kalkulere og vurdere eit budsjett for prosjektet. Om ynskjeleg, kan eg sjølvstilt stille på styremøte med ein grundigare presentasjon.

Ein ting er eg i alle fall sikker på. Dei to landskapsvernområda er så unike og mangfaldige at fleire burde få oppleve dei. Ei felles bok med fakta, foto og opplevingshistorier kan bli eit nytt bidrag til besøksstrategien.

Beste helsing
Arve Sandal

Saksopplysningar:

- Reportasjane som Arve syner til ligg alle opent og tilgjengelege på www.alfotbreen.no. Dei vil vere med som ein del av innhaldet på den nye nettsida som vi er i ferd med å lage.
- Eit slikt bokprosjekt med ei kommersiell bok, utgjeven på forlag og i vanleg sal, vil ein truleg ikkje kunne finansiere over tiltaksmidlane som styret får frå Miljødirektoratet. Det må i so fall avklarast med Miljødirektoratet, men prosjektet vil truleg ikkje vere innanfor føringane for bruken av desse midlane.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	18/20	22.05.2020

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Møteplan for andre halvår 2020

Vedtak

Styret tek utgangspunkt i dei føreslegne datoane 11. september og 20./27. november, men ventar med å fastsette desse til ny representant for Vestland fylkeskommune er på plass.

Møteåret er allereie halvvegs, men det er likevel greitt å få satt datoane for dei to siste møta i år. Styret har gjeve tilbakemelding på Doodle, og det er derfor ganske enkelt å finne dei beste datoane.

I tillegg til å sette dato kan styret gjerne ta stilling til

- korleis møtet skal gjennomførast
- kor møtet skal vere
- om det skal vere synfaring, tur eller liknande i samband med møtet

Styremøte 3/2020

Det ser ut som at alle kan den 11. september.

Eg håpar vi kan ha dette møtet som fysisk møte. Det er dessutan ei fin tid for ei synfaring. Ein kan mellom anna sjå på tiltak som er gjort eller er under gjennomføring. Eller besøke ein stad med mange saker og aktivitet.

Styremøte 4/2020

Alle kan både 20. og 27. November.

So seint på året er det som oftast mest praktisk med møte innandørs. Dersom det høver so brukar vi å kombinere dette siste møtet for året med ein juletallerken eller liknande.

Oppdatering:

Gunhild Berge Stang har trekt seg frå styret sidan ho har blitt tilsett som statsekretær i Kulturdepartementet. Det er enno uklart kven som skal fylle dette styrevervet som representant for fylkeskommunen.

ST 19/20 Eventuelt

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 22.05.2020

Vedtak

- Spørsmål frå Ålfotbreen verneområdestyre om i fellesskap å undersøkje mogelegheita for å endre verneform til nasjonalpark.
 - Naustdal-Gjengedal vo-styre ynskjer meir informasjon frå Miljødirektoratet om ein eventuell prosess, og kva dette vil innebære for forvaltning og bruk av verneområdet.